

Det Kgl. Arbeids- og sosialdepartement
postboks 8019 Dep.

0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 05/03121	Dok.nr.: 45
Arkivkode: 416.0	Dato: 11.11.05
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Vår ref.
05/01023-005/IJP

Arkivkode
034 &13

Dykkar ref.

Dato
07.11.2005

FRAMLEGG TIL NY LOV OM ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNINGA - HØYRING

MELDING OM VEDTAK

Formannskapet handsama i møte 03.11.2005 sak 0070/05. De vert med dette underretta om at det er fatta følgjande vedtak:

Sogndal kommune har følgjande merknader til framlegg til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltninga:

Implementering

Ei felles 1.lineteneste i eit arbeids- og velferds kontor skal baserast på eit forpliktande samarbeid mellom stat og kommune nedfelt i lokale samarbeidsavtalar. Samarbeidsavtalane og samlokaliseringa skal ha ei lovmessig forankring. Rammeavtalen mellom departementet og KS skal vere utgangspunktet for dei lokale avtalane. Implementeringsfasen er relativt lang - oppstart innan 2010 er målet. Det er imidlertid mange forhold som må avklarast i god tid før 01.01.2010. Det er desse forholda kommunen ønskjer å peike på i denne høyringsuttalen.

Leiing og økonomi.

Pålagde reformer i kommunalforvaltninga vert ikkje alltid følgt opp med full økonomisk dekning. Kommunane må på førehand få garantiar om at dette er ei reform som fullt ut vert statleg finansiert, det vere seg så vel for den fysiske tilrettelegginga som for implementeringa.

Ansvar for budsjettoppsett, rekneskapsføring og revisjon må avklarast snarast. Det er viktig at desse spørsmåla er avklara sentralt og ikkje lokalt m.a. av omsyn til å gjere det lettare å utvikle verktøy som mogleggjer systematiske samanlikningar mellom kontor og av omsyn til Kostra-rapporteringane.

Fordeling av driftsutgiftene må også vere avklara før dei lokale avtaleforhandlingane tek til. Mange uavklara faktorar vil vanskeleggjere eit godt forhandlingsmiljø. Rammeavtalen kan vere eit instrument for å sikre ei rettferdig fordeling av driftsutgiftene, sjølv om stor fridom til lokal tilpassing vil komplisere arbeidet. Også IT-, arkiv- og telefoniløysingar må konkretiserast.

Førstelinetenesta skal baserast på eit forpliktande samarbeid mellom stat og kommune som to likeverdige partar, men med ei tydeleg ansvarsdeling i botnen. Reforma legg opp til at den

statlege deltakinga skal vere tyngre enn den kommunale, dette **kan** tyde på at den administrative leiinga skal ligge hos den statlege samarbeidsparten. Dersom motivet for å plassere leiaransvaret i den statlege etaten er storleiken, ser ein bort frå den lokale leiarkompetansen som finst i mange kommunar. Skal eit arbeids- og velferds kontor fungere optimalt må det ha ei heilskapleg administrativ leiing med **ein** leiar utan at det på førehand er fastsett kven som skal ha denne leiaren.

Kommunane si deltaking.

§ 8 i Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen er det fastslege at kommunane som eit minimum skal delta i arbeids- og velferdskontoret med oppgåver etter kap. 5 i sosialtenestelova. Å legge berre delar av sosialtenesta (økonomisk sosialhjelp) inn i arbeids- og velferdskontoret, vil for mange små kommunar vere praktisk vanskeleg, sidan kontora består av eit fåtal personar som har fleire funksjonar. Det einaste mogelege for mange små kommunar vil såleis vere å legge heile personalet som arbeidar med sosial- og barnevernsaker til det felles kontoret. Dette kan òg gjelde tenester for psykisk utviklingshemma, psykiatri- og flyktnings tenesta, der dette er tenleg for kommunen. Uansett storleik på kommunen vil ein få ei uheldig fragmentering av sosialtenesta dersom økonomisk sosialhjelp skal skiljast ut og berre denne skal leggjast til arbeids- og velferdskontoret. Ein må difor rekne med at dei aller fleste kommunane vil finne det naudsynt eller føremålstenleg å legge alle sosialtenestesakene til kontoret. På denne bakgrunnen, og for å få til ei god gjennomføring av reformen, vil det vere uheldig om staten berre legg opp til å dekke utgiftene knytt til ei "minimumsløysing". Ein viktig føresetnad for reformen er at staten dekkjer utgiftene knytt til den ordninga som kommunane finn føremålstenlege.

Utføring av oppgåver på kvarandre sitt myndeområde.

Samarbeidsordningar i den nye arbeids- og velferdsetaten synest vel gjennomtenkt når det gjeld det lovmessige. Likevel er det grunn til å peike på at det i § 9, 2. ledd i "Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga" er opna for at kommunen og statsetaten kan utføre oppgåver for kvarandre innanfor dei rammene ein vert samde om i den lokale avtalen når det gjeld regelstyrte og lite skjønnsbaserte saker. Når statsetaten si forvaltning av arbeidsmarknadslova og folketrygdlova er regelstyrt og kommunen si forvaltning av kap. 5 i sosialtenestelova i store trekk er skjønnsbasert, vil ein i praksis ende opp med at kommunen utfører oppgåver for statsetaten og i liten grad omvendt.

Ei samanblanding av regelstyrt og skjønnsbasert lovverk med ulikt forvaltningsansvar kan lett føre til samarbeidsproblem som går ut over brukarane. Ei statleg ordning med "garantert minsteinntekt" for alle bør difor vurderast som eit tiltak som både kan hindre samarbeidsproblem og gjere det enklare og raskare for brukarane å kome i gang med eigen aktivitet. Kommunane bør framleis sitte med forvaltningsansvaret for dei skjønnsbaserte ytingane.

Kort oppsummering.

Ei ny arbeids- og velferdsforvaltning er ei viktig reform i oppfølginga av prinsippa som ligg til grunn for arbeidslinja. Før den nye fellestaten er etablert må ein del viktige problemstillingar avklarast.

Staten og KS må bli samde om ein rammeavtale som sikrar at kommunane ikkje blir økonomisk skadelidande som følge av reforma. Ein evtuell samfunnsøkonomisk gevinst som følge av reforma må også få direkte følgjer for kommunane.

Det hastar med å få på plass avtalar om ansvar for budsjett, rekneskapsføring, revisjon og fordeling av driftsutgifter.

Graden av kommunal deltaking må ikkje vere avgjerande for plasseringa av den administrative leiaransvaret.

Det er viktig at det vert mogleg å finne gode lokale løysingar, men samstundes må det ligge sentrale føringar til grunn for organisasjonsmessige løysingar som forenkla rapporteringssystem og mogleggjer systematiske samanlikningar mellom ulike kontor.

Kommunane må få høve til å legge tenester til arbeids- og velferdskontoret som ikkje medfører ei uheldig fragmentering av sosialtenesta, noko som er spesielt viktig for små kommunar må få tilsette i sosial- og barneverntenesta. Dersom det er lov eller forskriftsmessige hindringar i vegen for å legge barnevernet eller andre

tenester som høyrer til fagområdet, til arbeids- og velferdskontoret, må staten dekke kommunane sine meirutgifter til m.a. kontortilpassing for å gjere det mogleg for det same kommunale personellet å utføre oppgåver etter Lov om barneverntenester i rimeleg nærleik av arbeids- og velferdskontoret.

Det må leggst til rette for oppgåveløysing på kvarandre sine myndeområde som ikkje favoriserer nokon av partane – her kan ”garantert minsteinntekt” vere ein innfallsport til å redusere eller fjerne barrierar mellom statleg og kommunal oppgåveløysing.

Med helsing



Inger Pedersen
kommunalsjef